

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
077/15	Plan- og miljøutvalet	PS	19.05.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tor Hegle	14/2583

Avslag på søknad om reduksjon av gebyr. Gbnr 146/37.

Vedlegg:

Gbnr 146 037 Brev frå Sandanger 16 jan 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Søknad om reduksjon av gebyr vert avslått med heimel i gebyrregulativet § A.4.

Plan- og miljøutvalet - 077/15

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Søknad om reduksjon av gebyr vert avslått med heimel i gebyrregulativet § A.4.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Det vert vist til brev frå Sandanger Advokatfirma DA v/Bendik Holstad av 16.01.14., der han

tilskriv kommunen på vegner av Torill Vabø Malmqvist, eigar av Gbnr 146/37.

Administasjonen ber om orsaking for den lange saksbehandlingstida. Saka blir lagt fram til politisk behandlin grunna historikken i saka og sakskomplekset knytta til denne.

Brevet frå Advokat Bendik Holstad inneheld fleire merknader til sakskomplekset:

- Pkt.1, er ei innleiing.

- Pkt.2, inneheld merknader til saksforløpet i byggesaka, samt førespurnad om reduksjon av byggesaksgebyr.

-Pkt.3, inneheld tilvising til vedlegg som viser at det ligg føre fullmakter frå eigarane av Gbnr 146/4

til Torill Vabø Malmqvist, til å handle på dei andre sine vegner.

Pkt.4, er merknader knytt til ein epost frå administrasjonen av 30.12.13., knytt til vegrettar over Gbnr 146/4. Spørsmålet om vegrettar er vidare knytt til oppføring av garasje på Gbnr 146/21,

Eigar Jostein Antoniazzi.

-Pkt.5, er merknader knytt til kommunen sin behandling av utsleppssøknad frå eigar av Gbnr 146/21,

Jostein Antoniazzi. Saka er avslutta. Utsleppsanlegget er endra slik at utleppet ikkje lenger

rører Korkje Gbnr 146/4 eller Gbnr 146/37.

-Pkt.6, inneheld merknader knytt til kommunen sin behandling av sakskomplekset, der eigaren

oppfattar seg urettmessig behandla. Vidare ei oppsummering av førespurnaden.

Administrasjonen er lei for at Torill Vabø Malmqvist, eigar av Gbnr 146/37, kjenner seg urettmessig behandla. Rådmannen har nyleg hatt eigne møter med Malmqvist og hennar advokat.

Vi oppfattar at det i brevet kjem fram ulike sider i sakskomplekset som er behandla tidlegare i andre saker. Det vert her tatt stilling til pkt.2 i brevet der det kjem fram førespurnad om redusert gebyr. Brevet er vedlagt saka.

Kommunen vert bedt om å vurdere storleiken på gebyret, eventuelt å legge gebyrsatsar frå 2007 til grunn for utmåling av gebyr, og at gebyret bør følgje sak knytt til forenkla søknad.

Det fremstår derfor som en uforholdsmessig kostnad at Malmqvist både måtte levere inn fullstendig søknad fremfor forenklet søknad, at det er avkrevd NOK 15 000,- i disposisjonsgebyr for utnyttingsgrad og arealformål for disposisjoner det må forutsettes Malmqvist hadde allerede i 1980 og at Malmqvist måtte bekoste NOK 25 000,- til nye tegninger av hele boligen fremfor bare tegninger av det omsøkte tiltaket.

Ettersom vedtaket ikke er påklaget og saken nå arkivert, ønsker Malmqvist ikke en ny behandling av vedtaket. I lys av overnevnte opplysninger anmodes imidlertid Lindås kommune å vurdere gebyrets størrelse, herunder ved eventuelt å legge til grunn gebyrsatsene for 2007 for utmålingen. Dersom Malmqvist hadde fått tilstrekkelig veiledning i 2007 burde saken vært løst ved en forenklet søknad etter dagjeldende gebyrsats.

Gebyret pålydande kr.21.700,- var knytt til løyver til dispensasjonar og løyve til tilbygg datert 26.04.13. Det kom ikkje inn inn klage på saksbehandlinga innanfor fristen.

Vurdering

Det vert vist til gebyrregulativet § A.4 Urimeleg gebyr.:

«Når særleg grunn ligg føre, kan det søkast om redusert gebyr. Søknad om nedsetting av gebyr utsett ikkje betalingsfristen. Personlege/sosiale tilhøve reknast ikkje som særleg grunn.»

”Dersom eit gebyr er klart urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn, det arbeidet og dei kostnadene kommunen har hatt, kan administrasjonssjefen eller den som han/ho gjev fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr.

Fullmaktshavar kan under same føresetnader og med bakgrunn i grunngjeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.”

Vurderinga må sjåast i samanheng med det som er grunngjeving for gebyr, som er at ”den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betala gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet”, jf. gebyrregulativet § A.1. Ordlyden ”klart urimeleg” viser at det skal mykje til for å kunne redusere gebyr. Eit anna moment er at grunngjevinga for å redusere gebyr må utgjere meir enn det som normalt kan anførast i liknande saker. Dette for å ikkje uthole gebyrregulativet som forskrift.

Kommunen meiner at gebyret i denne saka er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege utgifter for sakstyper som denne.

Det har ikkje vore knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka.

Kommunen kan ikkje sjå at grunngjevinga i søknaden oppfyller vilkåra for redusert gebyr, då det er «korleis saka kunne vore løyst og historikken frå 2007» som hovudargumentet for reduksjon.

Det vil undergrava gebyrregulativet dersom gebyr vert redusert i einskildsaker der grunngjevinga for reduksjon vil kunne gjere seg gjeldande i andre saker.

Søknad om reduksjon av gebyr vert med dette avslått med heimel i gebyrregulativet § A.4.

Klagerett:

Denne avgjerda er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

